

Høyringslisten

Saksbehandler: Asgeir Fløgum Vågan
Telefon: +4775585000
Vår dato: 31.03.2023
Vår referanse: 22/08320-4

Deres dato:

Deres referanse:

Høyring. Søknad om fornya konsesjon for Valle flyplass, Åraksøyne

1. Innleiing - høyring

Luftfartstilsynet har på høyring søknad om fornya konsesjon for Valle flyplass, Åraksøyne.

Innspill til høyringa kan sendast til Luftfartstilsynet ved postmottak@caa.no, merka med saksnummer 22/08320. Høyringsfrist er 1. juni 2023.

Høyringa er open for alle. Vi ber om at høyringsinstansane sjølve vurderar om høyringa bør vidareformidlast til andre aktuelle interessentar, og om høyringa bør publiserast på eiga heimeside.

2. Nærare om bakgrunn i saka og søknaden

15. mars 2022 mottok Luftfartstilsynet søknad om fornying av konsesjon til å inneha og drive Valle flyplass, Åraksøyne.

Luftfartstilsynet ga i brev 9. mars 2012, Valle kommune fornya konsesjon til å drive og inneha Valle flyplass, Åraksøyne fram til 9. mars 2022 (vår ref. 201103922-9/521/JKR). Gjeldande konsesjon er i eige vedtak forlenga til saka er ferdigbehandla.

Søknaden om fornya konsesjon gjeld same område som tidlegare område det er gjeve konsesjon for, sjå vedlagte kart.

Landingsplassen er tenkt brukt som før, med hovudvekt på mindre motorfly, sportfly og seglfly.

Det er søkt om konsesjon for eit trafikkomfang på ca. 50 flyrørsler per veke og ca. 500 flyrørsler per år. Dette er i tråd med konsesjonsvilkåra for dagens konsesjon.

Flyplassen skal ikkje nyttast i mørkret og har difor heller ikkje landingsljøs. Søkjer informerar om at flyplassen vil til vanleg berre vert i bruk i barmarkssesongen, men dersom plassen vert brøytta vil merking bli utført i samsvar med instruks. Det er ikkje aktuelt med luftrutetraffikk eller annan regelbunden trafikk.

Valle Kommune er grunneigar av plassen, og har inngått leigeavtale med Sylvknapp som leietakar. Ny innehavar av konsesjon for Valle flyplass, Åraksøyne blir Sylvknapp, org.nr 826 408 812.

3. Konsesjonsregelverket

Alle som vil opparbeide, eige eller driva ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartsloven) § 7-5 første ledd.

Ifølge luftfartsloven § 7-6 skal konsesjon berre gjevast når det er sameina med allmenne omsyn, og fråsegn frå vedkomande kommunale og andre myndigheiter skal innhentast før konsesjon eventuelt vert innvilga.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b: «Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn påkrevd. Konsesjon for landingsplasser til privat bruk blir gitt i medhold av konsesjonsforskrifta § 15, som hovudregel for ein periode på 10 år.

I konsesjonsforskrifta § 14 vert det stilt krav til opplysningar som skal utgjere det faktiske grunnlaget for saka.

4. Høyring

4.1. Innledning

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei brei vurdering av flyplassens drift opp mot allmenne omsyn, med særlig vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Ved sida av dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølve ynskjer å ta opp, ber vi om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som vert fremheva i pkt. 4.2 flg.

Samtlige høyringsdokument er tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under fana «Høyringer».

4.2. Forholdet til kommunal arealplan

Det fylgjer av luftfartsloven § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtatte arealplanar etter plan- og bygningslova.

Søklar opplyser om at landingsplassen er ein del av reguleringsplanen for Åraksøyne Luft- og Motorsportsenter. Det er ifølge opplysningar i saka ikkje endringar i planstatus m.m. på dette i forhold til tidlegare godkjenning.

4.3. Landingsplassens miljøpåvirkning

Luftfartstilsynet har innleiingsvis i saksbehandlinga sett hen til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) §§ 8 til 12, jf. § 7.

Søknaden gjeld fortsetting av ei etablert verksemd. Luftfartstilsynet kjenner ikkje til endringar i miljøforhold i området, og antar difor at ei fornying av konsesjonen ikkje vil kome i konflikt med prinsippa i naturmangfoldlova, eller at det er grunnlag for nærare undersøkingar etter lova.

Dersom høyringsinstansane er av den oppfatninga at det ligg føre forhold som gjer det nødvendig med ei nærare vurdering, ber vi om innspill på det saman med det konkrete kildegrunlaget kommentaren byggjer på.

Søklar opplyser om at det tidlegare er utarbeida ei støyutrekning for Åraksøyne Luft- og Motorsportsenter. Denne er vedlagd søknaden.

4.4. Konsesjonsvilkår

Vedlagt høyringa er utkast til konsesjonsvilkår for Valle flyplass, Åraksøyne. I samsvar med dagens konsesjon gjeld fornya konsesjon landingsplass til privat bruk. Dette inneber at det trengst særskild løyve frå konsesjonshavar for å bruke landingsplassen.

Trafikkomfanget er satt til same nivå som for gjeldande konsesjon. Tidlegare vart antall flyrøysler satt til eit cirka-antal. I tråd med dagens forvaltningspraksis vert antallet flyrøysler i konsesjonen fastsatt til eit bestemt tal. I utkastet til konsesjonsvilkår er det satt eit tak på 50 flyrøysler per veke og 500 flyrøysler pr år for Valle flyplass.

Luftfartstilsynet bemerker at ei flyrøysle er enten ein avgang eller ei landing med luftfartøy. Dei angitte flyrøyslene omfattar all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare antal flyrøysler, må konsesjonshavar først søke om endra konsesjon.

Vi viser forøvrig til vedlagde utkast til konsesjonsvilkår.

Med vennlig hilsen

Finn O. Meling
fagansvarlig
Direktoratsavdelingen

Asgeir F. Vågan
juridisk seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev difor ikkje signatur.